

# **OUM RAPPORTSERIE**

## **RAPPORT NR. 1-2019**

Ola Ragnar GjØra, Astrid KvendbØ og Ingvar Stenberg

### **KARTLEGGING AV FUGL I FEM VÅTMARKSRESERVAT PÅ NORDMØRE I 2019: SÆTERØYA, GRIMSMO, RANESEVJA, TODALSØRA OG BATNFJORDSØRA**



Ein flokk med brunnakker søkjer næring i SæterØya, hausten 2019

NORSK ORNITOLOGISK FORENING (NOF)- MØRE OG ROMSDAL  
V/ ORNITOLOGISKE UNDERSØKINGAR MØRE OG ROMSDAL (OUM)

*Ola Ragnar GjØra Hammesvegen 217, 6650 Surnadal; [ola.ragnar.gjora@gmail.com](mailto:ola.ragnar.gjora@gmail.com)*

*Astrid KvendbØ Øyaveien 4, 6524 Frei; [askvendb@online.no](mailto:askvendb@online.no)*

*Ingvar Stenberg Lykkjeeidet 1115, 6640 Kvanne; [Ingvar.Stenberg.2@gmail.com](mailto:Ingvar.Stenberg.2@gmail.com)*

ISBN 978-82-690734-7-8

## FØREORD

OUM fikk i 2019 i oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal å kartlegga fugl i fem våtmarksområde verna som naturreservat på Nordmøre: Sæterøya, Grimsmoen, Ranesevja (Surna naturreservat) og Todalsøra i Surnadal kommune, og Batnfjordsøra i Gjemnes kommune.

Registreringane er utført av Ola Ragnar Gjóra (Surna reservat), Astrid Kvendbø (Batnfjordsøra) og Ingvar Stenberg (Todalsøra). Takk til Jo Heggset for hjelp med taksering av Todalsøra. OUM vil og takka Fylkesmannen ved Solveig Silset Berg for oppdraget og økonomisk støtte.

5.desember 2019

Ola Ragnar Gjóra

Astrid Kvendbø

Ingvar Stenberg

# INNHALD

|                                   |    |
|-----------------------------------|----|
| 1. Samandrag.....                 | 5  |
| 2. Innleiing .....                | 6  |
| 3. Resultat.....                  | 7  |
| 3.1. Sæterøya.....                | 8. |
| 3.2. Grimsmo.....                 | 11 |
| 3.3. Ranesevja.....               | 13 |
| 3.4. Todalsøra.....               | 15 |
| 3.5. Batnfjordsøra.....           | 17 |
| 4. Vurdering av takseringane..... | 19 |
| 5. Litteratur.....                | 20 |

# 1. SAMANDRAG

OUM utførte i 2019 kartlegging av fugl i fem verna våtmarksområde på Nordmøre: Sæterøya, Grimsmo og Ranesevja (restar etter Surnas gamle elveløp), Todalsøra og Batnfjordsøra (elveosar). Tal på registrerte fugleartar i april-september (3-6 takseringar): Sæterøya 51 (45 i hekketid), Grimsmo 34 (25 i hekketid), Ranesevja 33 (26 i hekketid), Todalsøra 24 (20 i hekketid) og Batnfjordsøra 17 (7 i hekketid). Rapporten gir ingen eksakte bestandstal for hekkfugl, og særleg for ender viser takseringane i første rekkje områdas funksjon som beiteområde. **Sæterøya** hadde kommunens tettaste førekomst av sivsongar (fem territorie), som til liks med lerce og sivsporv ikkje fantes i dei andre reservata. I alt ni artar vadefugl i hekketid i juni viser betydninga som vadarbiotop, og dei tre vipepara utgjer heile Surnadals hekkebestand. Krikkand og stokkand var talrike (maks 18 vaksne av begge), og tal på steggar indikerer opptil 5-8 hekkepar av begge. Sjeldne artar i hekketid var knekkand og skjeand. Brunnakke opptrådte flokkvis om hausten, da det også forekom bl.a. trekkande brushane, grønstilk, heilo og blåstrupe. I område **Grimsmo** er kantskogen ein rik hekkebiotop med krevjande artar (dvergspett, songarar, grå fluesnappar, kanskje også kjernebitar). Skogen gir skjul for ender, og steggar samlast flokkvis, mest av krikkand og stokkand (7-10 stk i juni), i tillegg til enkelte laksand og kvinand. Inkludert bergand var i alt 48 ender notert i august. I kantskogen langs **Ranesevja** viser fem artar songarar at dette også er ein rik skogtype og viktig hekkehabitat, med krevjande artar av sporvefugl (bl.a. hagesongar, tornsongar og gråfluesnappar). Enkelte vade- og andefugl var registrert. På **Todalsøra** hekkar truleg fleire par ærfugl, stokkand, krikkand, siland og tjeld, truleg også enkelte raudstilk og strandsnipe. Kull av grågås samlast frå hekkeplassar omkring, og steggar av stokkand flokkar seg sommarhaust (14 -21 stk). Mest talrik var fiskemåsen (maks 180 vaksne og 85 årsungar i august); av 76 vaksne i rugetid var 5-6 rugande. Ein årsunge av svartbak observert i august. Hekkebestand på **Batnfjordsøra** er estimert til tre par kvar av stokkand og tjeld, og eit par av siland, storspove og raudstilk. Også her var fiskemåsen den mest talrike arten (maks 400 vaksne i april, 35 årsungar i august), men berre tre stk påvist rugande. I august-september opptrådte enkelte hettemåse, svartbak og gråmåse med årsungar. Eit rekordarta innsig av sil (havsil) var truleg årsak til mengdene med fiskemåse ved dei to elveosane, men vedvarande kuldeperiodar i hekketid har nok generelt verka negativt på ungeproduksjon i 2019, og dermed også på trekkande/rastande bestandar. Det er ønskeleg med oppfølging av takseringa i eit meir "normalt" år, helst med fleire takseringar tidleg i hekkesesongen og i trekktida om hausten for å få eit betre vurderingsgrunnlag.

## 2. INNLEIING

Bortsett frå takseringane av Sæterøya og Grimsmo i 2018 (Gjøra 2018), forelegg ikkje noko samanstilling av ornitologiske data for reservata i denne rapporten. For å bøta på dette, og visa noko av områdas funksjon for hekking, beiting og rasteplass under trekk, vart fugl kartlagt 3-6 gonger i kvar av områda i perioden 16.april- 2.september 2019 (oppdraget var avgrensa til tre takseringar). For å unngå forstyrring vart det ikkje leita reir, og takseringane vart utført på avstand vha teleskop der det lot seg gjera. For ender gir oppteljing av par eller hannar tidleg vår/hekkefase vanlegvis god indikasjon på hekkebestanden, men særleg for stokkand kan rett tidspunkt vera vanskeleg å berekna, fordi ho kan hekka svært tidleg. Hekkestert hos måsefugl er meir styrt av sesongmessig mattilgang i sjøen, slik at starten kan variera.noko. Vi har betrakta månadsskiftet mai-juni høveleg for å rekna rugande fugl. Hekking av sporvefugl og vadefugl er basert på observasjonar i hekketid. Notatar frå 2019 gjort av andre enn rapportforfattarane er ikkje tatt med i rapporten.

Delområda Sæterøya, Grimsmoen og Ranesevja er restar etter Surnas tidlegare elveløp (inngår i Surna naturreservat), medan Todalsøra og Batnfjordsøra er elveosar. Områda er i varierende grad påverka av tidevatnet. Som ledd i forvaltningstiltak for reservatet vart det gamle elveløpet i Sæterøya utgravd vinteren 2017-2018. Hensikten var å auka vatnspeglet med tanke på vatntilknytta fugl. For å vurdere verknaden på fugl av tiltaket ville det vore ønskeleg med takseringsdata for fugl også før utgraving. Dessverre manglar gode referansedata som kan gi grunnlag for ei slik vurdering.

Forholda i hekkesesongen 2019 utmerka seg på fleire måtar. April var rekordvarm, fulgt av tre vekeslange periodar med kulde og regn, med snøfall under skoggrensa (primo mai, månadsskiftet mai-juni og juni-juli). For somme artar kan det ha medført ekstra tidleg hekking, medan dårlege forhold under hekking kan ha redusert ungeproduksjonen, noko som og kan ha innvirka på antal fugl på hausttrekk. For andre artar, t.d. måsefugl, har god næringstilgang i sjøen påverka bestandane positivt. Året 2019 var eit godt år for fjord- og sjøfiske på Nordmøre, med mykje storsei og makrell, som beita på eit rekordarta innsig av tobis/sil langs kysten (utafor Frei bestemt til havsil *Ammodytes marinus* av Tore Hals; pers. medd.).

I rapporten er avgrensinga av reservata vist ved fredningstidspunktet og fram til 2019 (raud strek).

### 3. RESULTAT



**Figur 1.** Oversikt over dei fem takserte naturreservata: Sæterøya (1), Grimsmo (2), Ranesevja (3), Todalsøra (4) og Batnfjordsøra (5).

Aldersbegrep nytta i rapporten:

Ad (=adult): gammal, kjønnsmoden fugl utfarga drakt


Juv (=juvenil): ung flygedyktig fugl i si første fjædrakt

Pull (=pullus): unge som ikkje er flygedyktig

Måsar har eit noko komplekst draktskifte, som strekkjer seg over fleire år. Sommarstid kan ein sjå dei ulike artane i 3- 5 drakter frå juvenil til adult alder. Sommardrakta hos fiskemåse viser såleis fugl av fire årsklassar, men i rapporten er fugl eldre enn i andre leveår (3K+) kalla adult, pga. relativt små draktforskjellar mellom toåringar og eldre fugl (første hekking skjer ved to -fire års alder). Fugl i yngre drakt er enten nemnt som juvenil eller eittåring. For ender er det ikkje skilt mellom kjønn eller juvenil/adult fugl etter mytinga på forsommaren, da hannen får ei hofarga drakt (eklips).

### 3.1. Sæterøya

Sæterøya delområde dekkjer eit areal på ca 260 dekar, og vart verna som ein del av Surna naturreservat i 1988. Området består av eit gammalt elveleie, kalla Gammelelva. Tidevatnet set sitt preg på fuglelivet her. Den beste tida for å observere fuglar er ved fjøre sjø. Når tidevatnet trekkjer seg tilbake vil store mudderflater gi rikeleg med næringstilgang til fleire fugleartar



**Figur 2.** Avgrensning av delområde Sæterøya, Surna naturreservat.



**Tabell 1.** Takseringsresultat for Sæterøya 2019

| . Art                 | 1. juni   | 15. juni   | 16. august    |
|-----------------------|-----------|------------|---------------|
| Stokkand              | 5 ad hann | 5 ad hann  | 18 ad + 9 juv |
| Brunnakke*            |           | 3 ad hann  |               |
| Krikkand              | 8 ad hann | 18 ad hann | 1 ind         |
| Knekkand*             |           |            |               |
| Skjeand*              |           |            |               |
| Kvinand               |           |            | 2 hann        |
| Smålom                |           | 1 ind      |               |
| Gråhegre              | 1 ad      | 1 ad       | 4 ind         |
| Trane                 | 1 ind     |            | 65 ind        |
| Tjeld                 | 1 ad      | 1 ad       |               |
| Heilo                 | 9 ad      | 2 ad       |               |
| Vipe                  | 6 ad      | 3 ad       |               |
| Raudstilk             | 3 ad      | 2 ad       |               |
| Grønstilk             |           |            | 1 ind         |
| Gluttsnipe            | 1 ad      | 6 ad       |               |
| Strandsnipe           | 2 ad      | 2 ad       | 3 ind         |
| Brushane              | 1 ad      |            |               |
| Storspove             | 5 ad      | 2 ad       |               |
| Småspove              | 1 ad      |            |               |
| Enkeltbekkasin        |           | 1 ad       | 6 ind         |
| Fiskemåse             | 51 ad     | 6 ad       |               |
| Ringdue               | 16 ad     | 3 ind      | 27 ind        |
| Gjøk                  |           | 1 ad hann  |               |
| Songlerke             | 2 ad hann | 2 ad hann  |               |
| Låvesvale             | 7 ad      |            | 4 ind         |
| Taksvale              | 1 ad      |            |               |
| Sandsvale             | 2 ad      | 1 ad       |               |
| Heiplierke            |           |            | 2 ind         |
| Linerle               | 2 ad      | 1 ind      | 10 ind        |
| Blåstrupe             |           |            | 1 juv         |
| Raudstrupe            |           |            | 1 ind         |
| Buskskvett            | 2 ad hann | 1 ind      | 3 ind         |
| Raudvingetrost        |           | 1 ind      | 1 ind         |
| Gråtrost              | 1 ad      | 6 ind      | 5 ind         |
| Tornsongar            | 2 ad hann | 1 ad hann  | 1 ind         |
| Sivsongar             |           | 5 ad hann  |               |
| Lauvsongar            |           | 1 ad hann  | 1 ad hann     |
| Gransongar            | 1 ad hann | 3 ad hann  | 5 ind         |
| Svartkvit fluesnappar |           | 1 par      |               |
| Kjøttmeis             | 1 ad      | 1 ind      | 1 ind         |
| Blåmeis               | 1 ad      | 1 ind      | 1 ind         |
| Skjære                | 1 ad      | 1 ind      |               |
| Kråke                 | 3 ad      | 3 ind      | 60 ind        |
| Stare                 | 5 ad      | 7 ind      | 42 ind        |
| Gråsporv              | 1 ad      |            | 4 ind         |
| Bokfink               | 1 ad hann | 1 ad hann  | 6 ind         |
| Bjørkefink            |           |            | 3 ad hann     |
| Grønnfink             | 1 ind     | 2 ind      |               |
| Grønnsisik            |           | 1 ind      |               |
| Gulsporv              | 3 ad hann | 1 ad hann  | 3 ind         |
| Sivsporv              | 1 ad hann | 1 ad hann  | 4 ind         |


\* Utanom takseringane var observert eit par knekkand (20.- 23.mai), eit par skjeand (30.april-03.mai) og 13 brunnakke (4.oktober).



**Figur 3.** Trass tilbakegang av mange vadefugl er Sæterøya framleis viktig som vatnfuglbiotop. Foto av vipe, strandsnipe og enkeltbekkasin frå området i 2019 er tatt av Ola Ragnar Gjøra.

## 3.2. Grimsmo

Reservatet omfattar eit delvis avsnørt elveleie, som er noko prega av attgroing, omgitt av frodig kantvegetasjon av flaummarksprega gråor-heggskog. Området, som dekkjer eit areal på 90 dekar, vart verna som ein del av Surna naturreservat i 1988.



**Figur 4.** Avgrensing av delområde Grimsmo, Surna naturreservat.




**Figur 5.** Delområde Grimsmo, hausten 2019. Foto Ingvar Stenberg

**Tabell 2.** Takseringsresultat for Grimsmo 2019.

| Art            | 1. juni   | 14. juni              | 18. august |
|----------------|-----------|-----------------------|------------|
| Stokkand       | 7 ad hann | 10 ad hann            | 20 ind     |
| Krikkand       | 4 ad hann | 7 ad hann             | 23 ind     |
| Kvinand        | 1 ad hann | 1 ad hann             | 4 ind      |
| Bergand        |           |                       | 1 hunn     |
| Laksand        | 2 ad hann | 1 ad hann             |            |
| Gråhegre       |           |                       | 1 ind      |
| Trane          |           |                       | 30 ind     |
| Gluttsnipe     |           | 1 ad                  |            |
| Strandsnipe    |           | 1 ad                  | 1 ind      |
| Enkeltbekkasin |           |                       | 1 ind      |
| Fiskemåse      | 3 ad      | 2 ad                  |            |
| Flaggspett     |           |                       | 1 ind      |
| Dvergspett     | 1 ad hann |                       |            |
| Heipiplerke    |           |                       | 2 ind      |
| Linerle        | 1 ad      |                       | 3 ind      |
| Jarnsporv      |           |                       | 1 ind      |
| Raudvengetrast | 1 ind     | 1 ind                 | 1 ind      |
| Gråtrast       | 2 ind     | 1 ind                 | 11 ind     |
| Svarttrast     |           | 3 ad hann             | 1 ad hann  |
| Hagesongar     | 2 ad hann | 1 ad hann             |            |
| Munk           | 1 ad hann | 1 ad hann + 2 ad hunn |            |
| Tornsongar     | 1 ad hann | 1 ad hann             |            |
| Lauvsongar     | 1 ad hann |                       |            |
| Gransongar     | 2 ad hann | 1 ad hann             | 1 hann     |
| Gjerdsmett     |           |                       | 1 ind      |
| Gråfluesnappar |           | 1 ind                 |            |
| Kjøttmeis      | 1 ad      |                       | 1 ind      |
| Blåmeis        |           | 1 ind                 | 1 ind      |
| Kråke          |           | 1 ind                 | 5 ind      |
| Kjernebitar    |           |                       | 3 ind      |
| Bokfink        | 1 ad hann | 1 ad hann             | 4 ind      |
| Grønnfink      | 1 ind     |                       |            |
| Gråsisik       |           | 1 ind                 | 1 ind      |
| Gulsporv       | 2 ad hann | 1 ind                 |            |

### 3.3. Ranesevja

Dette omfattar eit bekkeløp/evje omgitt av frodig kantvegetasjon av flaummarksprega gråorheggskog. Området vart verna som ein del av Surna naturreservat i 1988, og dekkjer eit areal på 60 dekar.



**Figur 6.** Avgrensing av delområde Ranesevja, Surna naturreservat.



**Figur 7.** Delområde Ranesevja hausten 2019. Foto Ingvar Stenberg

**Tabell 3.** Takseringsresultat for Ranesevja 2019.

| Art                   | 1. juni   | 14. juni        | 18. august |
|-----------------------|-----------|-----------------|------------|
| Kvinand               |           |                 | 1 par      |
| Trane                 | 1 ind     |                 |            |
| Strandsnipe           | 1 ad      |                 |            |
| Fiskemåse             | 8 ad      | 4 ad            |            |
| Ringdue               | 1 ad      |                 | 2 ind      |
| Kattugle              | 1 ad      | 1 ad            |            |
| Tårnseglar            |           | 1 ad            |            |
| Låvesvale             |           |                 | 3 ind      |
| Trepiplerke           |           |                 | 1 ind      |
| Linerle               |           |                 | 1 ind      |
| Jarnsporv             | 1 ad      |                 |            |
| Raudstrupe            |           |                 | 1 ind      |
| Buskskvett            | 1 ad      | 1 ind           | 1 hann     |
| Måltrast              | 1 ad      |                 |            |
| Raudvengetrast        | 2 ad      | 1 ind           |            |
| Gråtrast              | 3 ad      | 3 ind           |            |
| Svarttrast            | 1 ad hann | 2 ad hann       | 1 hann     |
| Hagesongar            | 2 ad hann |                 |            |
| Munk                  | 3 ad hann | 1 ad hann       |            |
| Gulsongar             | 1 ad hann |                 |            |
| Lauvsongar            | 2 ad hann |                 | 1 ind      |
| Gransongar            | 3 ad hann | 3 ad hann       | 4 ind      |
| Gråfluesnappar        |           |                 | 1 ind      |
| Svartkvit fluesnappar |           | 1 ad hann       |            |
| Kjøttmeis             |           | 1 ind           |            |
| Blåmeis               | 1 ad      | 1 ind           |            |
| Kråke                 | 2 ad      |                 |            |
| Ravn                  |           |                 | 1 ind      |
| Stare                 | 6 ad      |                 |            |
| Bokfink               | 2 ad hann | 3 hann + 2 hunn | 1 hann     |
| Gråsisik              |           | 1 ind           | 1 ind      |
| Grønnsisik            | 1 ind     | 2 ind           | 2 ind      |
| Gulsporv              | 3 ad      | 2 ind           |            |

### 3.4. Todalsøra

Området vart verna som naturreservat i 2002, for å ta vare på eit lite berørt elvedelta, inkludert både oversjøiske og undersjøiske parti. Innafor den oversjøiske deltaflata er både strandeng og noko fulldyrka mark med i verneområdet. Av arealet på 400 dekar er ca. 247 dekar sjøareal.



**Figur 8.** Avgrensing av Todalsøra naturreservat



**Figur 9.** Hundrevis av fiskemåse på Todalsøra sommaren 2019. Foto Ingvar Stenberg

**Tabell 4.** Takseringsresultat for Todalsøra 2019 (basert på studiar på avstand vha teleskop).

| Art             | 16. april | 16. mai | 08. juni                          | 2. august       | 18. august | 2. sept |
|-----------------|-----------|---------|-----------------------------------|-----------------|------------|---------|
| Grågås          |           | 3 ad    | 25 ad + 19 pull                   | 7 ind           |            |         |
| Stokkand        | 4 hann    | 6 hann  | 14 ad hann                        |                 | 14 ind     | 21 ind  |
| Krikkand        |           | 2 par   | 1 ad hann                         |                 |            |         |
| Kvinand         | 1 par     |         |                                   |                 |            |         |
| Ærfugl          |           | 3 par   | 2 ad hann + 1 ad<br>hunn + 4 pull | 2 ind           |            |         |
| Siland          |           | 1 hunn  | 1 ad hann + 2 par                 | 2 ind           |            |         |
| Laksand         |           |         | 1 par                             |                 |            |         |
| Gråhegre        |           |         |                                   |                 | 3 ind      | 2 ind   |
| Tjeld           | 16 ad     | 9 ad    | 12 ad                             | 6 ind           |            |         |
| Heilo           |           |         | 6 ad                              |                 |            |         |
| Raudstilk       |           | 1 ad    | 16 ad                             | 2 ind           | 2 ind      |         |
| Gluttsnipe      |           | 1 ad    | 3 ad                              |                 |            |         |
| Strandsnipe     |           |         | 1 ad                              | 1 ind           |            |         |
| Hettemåse       |           |         | 3 ad                              |                 |            |         |
| Fiskemåse       | 57 ad     | 45 ad   | 76 ad                             | 180 ad + 85 juv | 3 juv      | 1 juv   |
| Svartbak        |           |         |                                   | 8 ad + 1 juv    |            |         |
| Stormåse, ubest | 1 juv     |         |                                   |                 |            |         |
| Terne, ubst     |           |         |                                   | 1 ad            |            |         |
| Låvesvale       |           |         | 2 ad                              |                 |            | Flokk   |
| Taksvale        |           |         | 1 ad                              |                 |            |         |
| Linerle         |           |         | 1 ad                              |                 |            |         |
| Kråke           |           |         | 1 ind                             | 67 ind          | 70 ind     |         |
| Stare           |           | 1 ad    | 3 ind                             |                 |            |         |
| Grønnfink       |           |         | 2 ind                             |                 |            |         |
| Bergirisk       |           |         | 1 ind                             |                 |            |         |



### 3.5. Batnfjordsøra

Elvedeltaet Batnfjordsøra vart verna som naturreservat i 2002, og dekkjer 204 dekar (inkludert 168 dekar sjøareal). Området omfattar ei relativ stor grusør med strandeng, og slike intakte område er sjeldne i Møre og Romsdal.



**Figur 10.** Batnfjordsøra naturreservat (skravert)



**Figur 11.** Batnfjordsøra hausten 2019. Foto Erling Stenberg.

**Tabell 5.** Takseringsresultat Batnfjordsøra 2019 (studiar på avstand vha teleskop)

| Art         | 26. mai                | 21. juli           | 8. august      | 2. september  |
|-------------|------------------------|--------------------|----------------|---------------|
| Kanadagås   |                        | 4 ind              | 11 ind         |               |
| Grågås      |                        | 2 ind              |                |               |
| Stokkand    | 3 hann                 | 10 ind             | 4 ind          | 12 ind        |
| Siland      | 1ad hann<br>1ad hunn   | 12 ind             |                |               |
| Laksand     |                        | 1 ad hunn          |                | 1 ad hunn     |
| Gråhegre    |                        | 4 ind              | 2 ad + 1 juv   |               |
| Tjeld       | 6 ad                   | 7 ind              | 7 ind          |               |
| Raudstilk   | 2 ad                   | 2 ad               | 1 juv          |               |
| Gluttsnipe  | 1 ad                   |                    |                |               |
| Strandsnipe |                        |                    | 1 ind          |               |
| Storspove   | 3 ad                   | 1 ad               | 1 ad           |               |
| Fiskemåse*  | 52 ad<br>2 ind rugande | 120 ad + 16<br>juv | 70 ad + 35 juv | 1 ad + 25 juv |
| Hettemåse   |                        | 1 ad               | 1 ad + 1 juv   | 3 ad + 1 juv  |
| Svartbak    |                        |                    | 2 ad           | 1 ad + 1 juv  |
| Gråmåse     |                        |                    | 3 ad           | 2 ad + 5 juv  |
| Sildemåse   |                        |                    | 1 ad           |               |
| Pilfink     |                        |                    |                | 12 ind        |

\* 400 ind opptalt 28.april

## 4. VURDERING AV TAKSERINGANE

Under følger ei oppsummering av takseringane i dei fem reservata.

**Sæterøya:** Av dei i alt 51 fugleartane var 45 registrert i hekketid. Av sporvefugl var 24 av 28 artar påvist i hekketida. Seksten artar søkte næring i mudderflatene, resten søkte næring i lufta eller på jordene i tilknytning til elva. Heile hekkebestanden av Surnadals viper med tre par fantest innanfor reservatet (berre to av dei åtte ungane kom på vengene). I alt ni artar vadefugl påvist i hekketid i juni viser verdien som vadarbiotop; vipe, tjeld, raudstilk, gluttsnipe, strandsnipe, brushane, storspove, småspove og enkeltbekkasin. Av ender var både krikand og stokkand talrike (maks 18 adulte av begge). Tal på steggar under første taksering i juni indikerer 5-8 hekkepar av kvar (stokkand-kull på 9 stk sett seinare), truleg og hekking av brunnakke (som var sett i flokk på 13 fugl om hausten). Observasjon av både knekkand og skjeand i par på mai ga håp om hekking, men det lot seg ikkje bekrefte. Ved elvebredda fantest kommunens tettaste førekomst av sivsongar, med fem syngande hannar. Il liks med sivsporv og songlerke var han ikkje påvist i dei andre reservata. Av fuglar på trekk kan nemnast brushane, heilo, trane, heiplerke, blåstrupe og grønstilk.

**Grimsmo:** Av dei i alt 34 fugleartane var 25 registrert i hekketid. Av sporvefugl var 17 av 21 artar påvist i hekketid. Som hekkeplass for fem artar songarar, grå fluesnappar (evt kjernebitar) og dvergspett er skogen ein rik hekkebiotop. Korkje av ender eller vadefugl vart påvist reir eller kull, men strandsnipe må reknast som sannsynleg hekkande. Fordi det manglar takseringar frå tidleg hekkefase, er det uråd å seia noko sikkert om hekkebestanden av ender. Kantskogen kring evjene gir godt skjul, og etter rugestart er området viktig samleplass for steggar, i første rekkje krikand og stokkand (7-10 stk i juni), men også enkelte laksand og krikand var sett. Truleg hekkar fleire par i området. Inkludert den sjeldne berganda var i alt 48 ender opptalt under takseringa i august. På hausttrekk rastar enkelte enkeltbekkasin.

**Ranesevja:** Av dei i alt 33 fugleartane var 26 registrert i hekketid. Av sporvefugl var 20 av 26 artar påvist i hekketida. Fem artar songarar viser at skogtypen er eit rikt hekkehabitat (gulsongar var einast påvist her). Berre strandsnipe var registrert av vadefugl (i hekketid), av ender einast kvinand (etter hekketid). Fordi det manglar registreringar i tidleg hekkefase, er det uråd å seia noko sikkert om hekkebestanden av ender, men både stokkand og krikand bør ha eigna hekkehabitat.

**Todalsøra:** Av dei 24 registrerte artane er 20 sett i hekketida, sju av desse er sporvefugl. Registreringane tyda ikkje på at Todalsøra var brukt som rasteplass for trekkfugl i noko særleg grad dette året. Av ender var einast ærfugl påvist med kull. Taksering tidleg i vårsesongen tyda på tre hekkepar av ærfugl, fire av stokkand, to av krikand og to-tre av siland. Det kan dessutan tyde på hekking av laksand at eit par var sett i juni (kan tenkast å ha reir på bygning ved Todalsøra). Steggar av stokkand som flokka seg etter hekking (14 stk), heldt tydelegvis til her enno på ettersommaren (21 stokkand i september). Eit par kvinand opptrådte på tidleg vårtrekk. Grågås med kull var talrike, truleg fugl som var trekt hit frå hekkplassar omkring, t.d. Bekkerholmen, for å beita på strandeng og anna eng (25 vaksne og

19 pull). Av vadefugl var ingen kull registrert, men truleg hekka 4-5 par tjeld, og muligens eit par kvar av raudstilk og strandsnipe. At både tjeld og enkelte andre vadarar opptrådte i større antal etter uværperioden i mai-juni, kan skuldast avbrote hekking andre stader, eller returtrekk frå fjellet (t.d. heilo). Mest talrik fugleart var fiskemåsen, og antal vaksenfugl auka frå 57stk i april til 180 stk i august. Av 76 vaksne opptalt primo juni vart 5-6 notert rugande, men det kan tenkast at fleire har gått til hekking seinare. Klekkestad av flokken med årsungar (85 stk) sett i august er ukjent. Tilsvarande gjeld for svartbak (ikkje påvist i hekketida, men ein årsunge sett i august). Elles synte det seg at kråka utnytta fjærebeltet for matsøk, og var samla her utpå ettersommaren i flokk på opptil 70 stk.

**Batnfjordsøra:** Landarealet av reservatet er lite, og antal hekkepar innafor grensene såleis vanskeleg å fastslå, særleg ved studiar på avstand, slik som i dette tilfellet. Av dei i alt 17 fugleartane var 7 registrert i hekketid. Ut frå dette er tal på hekkepar estimert slik: Stokkand 3 par, siland 1 par, storspove 1 par, tjeld 3 par og raudstilk 1 par. Mest talrik var fiskemåsen, med rekordnotering av vaksne 28.april (400 stk), og rekord av årsungar 8.august (35 stk). I mai var tre fiskemåsar sett rugande, men tal på ungfugl i juli kan tyde på opptil ti hekkepar (utan at det kan seiast sikkert kvar desse stamma i frå). Det er usikkert om hettemåsen som var sett med unge i august, hekka innafor reservatet. Seinare var observert enkelte vaksne og årsungar av både svartbak og gråmåse. Registreringane under hausttrekk gir lite grunnlag for å konkludera noko om betydninga som rasteplass, pga. få takseringar. Einast pilfink var sett av sporvefugl i området.

Året 2019 representerte ikkje noko "normalår" korkje når det gjaldt vertilhøve eller næringstilgang, noko som kan ha påverka bestandane på ulikt vis. Tre vedvarande kuldeperiodar i hekketida har truleg innvirka negativt på hekkeresultat og dermed også på bestandar på trekk. Både for å skaffa eit meir representativt tal på hekkefugl og rastande trekkfugl, kan det vera nyttig med oppfølging eit seinare år. Men det vil uansett vera vanskeleg å få godt inntrykk av bruken vha. enkelte takseringar viss områda er brukt sporadisk for rasting for trekkfugl. I somme av reservata er det ønskeleg med fleire takseringar enn i 2019, ikkje minst for å få betre tal på hekkande ender, men også for sporvefugl bør ein ha minst to takseringar i hekketid. Fordi oppdraget var avgrensa til tre takseringar vår-haust, måtte vi gjera ei prioritering i opplegget.

## 5. LITTERATUR

Gjøra, O. R. 2018. Fuglar registrert i Surna naturreservat sommaren 2018. OUM Rapportserie, Rapport nr 3-2018.